



Kommuneplanens Samfunnsdel

Jondal 2030

Vedteke i Kommunestyret:

KS 039/15

17.06.15



Innhold

1.	Innleiing.....	3
1.1.	Føremål og rammer	4
1.2.	Planprosess.....	5
1.3.	Plansystem.....	6
2.	Kommunefakta	7
3.	Overordna mål.....	7
4.	Satsingsområde	10
4.1.	Bu – og besøkslyst!	10
4.2.	Gode basistjenester gjev god folkehelse!.....	16
4.3.	Samhandling – kommunen, det er oss!	20
5.	Arealstrategisk planlegging i ljøs av samfunns- og folketalsutvikling.....	23
5.1.	Busetnad og utbygging	24
5.2.	Tenesteyting og infrastruktur	24
5.3.	Trafikk og samferdsle.....	24
5.4.	Næring og frivillig lagsliv.....	24
5.5.	Senterstruktur og sentrumsutvikling	25



1. Innleiing

Kommuneplanen "Jondal 2030" startar ei reise fram mot det samfunnet me kan sjå 15 år fram i tid. Dette dokumentet skal vera eit kompass som set ein kurs og ei retning. Det kan kjennast uvisst kva me møter av utfordringar på den vegen me vel. Sjølv om vår framtid vert påverka av konsekvensar kring kommunestruktur, befolkningsutvikling og sentralisering, så bur og lever me! Det har vore utgangspunkt for denne kommuneplanen, at uavhengig av kva kommunegrensar me har i 2030, har me fokus på levande lokalsamfunn og gode basistjenester! Difor har me lagt *attraktivitet* til grunn for det overordna målet me baserer utviklinga vår på. Gjennom spørsmål som "kvar er me, kor skal me og korleis skal me komma oss dit", har me vurdert om me skal halda oss der me er, eller om me skal noko meir. Det handlar om prioriteringar.

Det vil vera ulike syn på om me skal bli meir attraktive på det me alt er gode på. Om me skal bruka minst mogleg ressursar, men nok til at me ikkje går i feil retning? Eller om me skal vera risikovillige og ta sjansar for å ikkje berre bli betre, men best på noko? Kan me bli best med utgangspunkt i vår identitet, våre verdiar og våre unike fortrinn, eller kanskje i form av noko nytt? Det krev ei felles kraft, ei tru på at me saman skal få det til, om me våger å satsa.

Jondal 2030 er ein langsiktig plan som handlar om at me får til det me vil *nok*, og det me vil *i lag*. For ingen er sterke aleine, og gjennom samhandling, kan orda "Kommunen, det er oss!" – vera den krafta som gjev resultat.

Me treng økonomi som gjev oss handlingsrom, folkehelse så me kan leva eit godt liv og arbeidsplassar, trivnad og bumiljø som er attraktivt nok til at me blir her og me blir fleire! Me veit at menneska som bur og arbeider her er vår største ressurs i dag og i framtida.

ME SKAL BLI FLEIRE

-fordi me vil oppretthalde ein berekraftig kommune!



1.1. *Føremål og rammer*

Jondal kommune sin kommuneplan består av: arealdelen og samfunnsdelen. Dette dokumentet utgjør kommuneplanen sin samfunnsdel. Samfunnsdelen består av ein langsiktig del, kalla "Jondal 2030" og ein handlingsdel som saman med økonomiplanen har eit fireårsperspektiv.

Samfunnsdelen sitt mandat er å:

- vera overordna, tverrfagleg, kort og konkret
- beskriva mål for kommunesamfunnet og kommuneorganisasjonen
- beskriva og avgrensa satsingsområda: Slik vil me ha det! og Slik gjer me det!
- vera eit politisk og faglig styringsverktøy og gjera politiske prioriteringar tydelege
- gje retningslinjer for arealbruk gjennom ein arealstrategi

Gjennom planprosessen har me invitert til temasamlingar basert på satsingsområda. Dette har me gjort for å leggje til rette for aktiv medverknad, forankring av planen både politisk og administrativt, binda kommuneplanen saman med planverket i kommunen og sikra ein heilskap, bidra til positiv omdømebygging ved å vera opne og inkluderande. Barn og unge, næringsliv og frivillig sektor har vore særleg prioriterte målgrupper i planarbeidet og blitt inviterte til delta i prosessar.

"Jondal 2030" gjer nokre prioriteringar knytt til retning, mål og strategiar og du som har medverka til planen, saknar kanskje det konkrete innspelet du var med å fremma. Jondal kommune tek alle innspel på alvor, og mykje av det som kom fram under medverknadsprosessen, vil fyrst bli teke med i handlingsdelen og i kommunedelplan for sektorar/einingar. Det er likevel rett å seie at alle innspel har vore med å forma samfunnsdelen sin langsiktige plan: "Jondal 2030".

Det er slik at staten på ulikt vis definerer noko av handlingsrommet kommunane har gjennom rammeoverføringar, lovverk og rundskriv og ulike reformer. Plan- og bygningslova gjev nokre prosesskrav til kommuneplan og definerer eit minimum i høve til kommunal planlegging. Dette har me og vurdert i samband med avgrensingar me har gjort for å enda med ein lokalt forankra og spissa kommuneplan.



1.2. Planprosess

Kommunesenter: Kommunehus i Jondal

Oppvekst: Ein barnehage, ein kulturskule og ein kombinert barne- og ungdomsskule med symjehall.

Helse og omsorg: Ein sjukeheim og eit helsesenter, Vikevollen.

Næringsliv: Industri knytt til stål, stein og akvakultur, besøksnæring som handel, servering, overnatting og attraksjonar, landbruk, bygg og anlegg.

Bygder: Herand, Svåsand, Solesnes, Jondal, Krossdalen, Torsnes, Kysnes, Gausvik, Årvik, Årsand og Hesvik

Følgefonna: Nasjonalparklandsby, lettaste tilkomst til breen og nasjonalparken

Rikt og allsidig lagsliv

Kyrkje: Hardangerkatedralen er største kyrkja i Hardanger, bygd i 1888.

Kommunevåpen: Raudt med tre gule båtshakar.

Kommuneplanen er kommunen sitt viktigaste styringsdokument og legg rammene for planlegging, utvikling, drift og arealbruk. Kommuneplanen "Jondal 2030" er vedteken av kommunestyret og har eit 15 års perspektiv. Revisjon av kommuneplanen vert vurdert i samband med utarbeiding av planstrategi kvart 4. år. Handlingsdelen ligg som ei konkretisering av mål og strategiar i kommuneplanen og skal saman med økonomiplan rullerast kvart år.

Kommuneplanen sine mål og strategiar er forankra i organisasjonen gjennom eigne strategimøte med leing og einingar. Desse har fungert som arbeidsgrupper og har utforma mål og strategiar. Lokalsamfunnet har vore trekt inn i arbeidet gjennom tre spissa temasamlingar knytt til samhandling, oppvekst og næringsliv/frivillig sektor. I tillegg har elevane ved skulen vore involvert og 7. klasse har gjeve sine innspel i høve til kva dei tenker om Jondal 2030.


Kommuneplanen er utarbeidd med bakgrunn i nasjonale og regionale føringar, kommunale prioriteringar og vedtak, kunnskapsgrunnlag og fakta i form av forskning, statistikk og analysar, og møte med fagpersonar, folkevalde, frivillig sektor, næringsliv og innbyggjarar. Det er i samhandling med desse ulike aktørane og arenaene at me har fått kunnskap om ulike



utfordringar og behov. Kommuneplanen presenterer mål og strategiar som handterer ulike utfordringar og behov knytt til tenesteyting, forvaltning og samfunnsutvikling fram mot 2030.

1.3. Plansystem

Kommuneplanen er overordna all planlegging i kommunen, og førande for m.a. kommunedelplanar. Det skal vera ein samanheng mellom mål og strategiar i Jondal 2030 og delmål for ulike sektorar og tiltak i handlingsdel og anna planverk. I komande planstrategiar vil me nøye prioritere trongen for ulike planar ut frå overordna mål om at "Me skal bli fleire!".





2. Kommunefakta

Jondal kommune ligg på den vestre delen av Folgefonnhalvøya, midt i Hordaland fylke, i Hardanger. Jondal kommune grensar til Ullensvang herad i nord-aust, Kvinnherad kommune mot sør, og Kvam herad over fjorden mot vest.

Jondal kommune sitt areal er 247 km². Arealet fordelar seg jamt frå kystsona og aust til Folgefonna. Hovuddalføra i Jondal går aust – vest, med Krossdalen som den største. Det meste av busetnaden i kommunen ligg langs Hardangerfjorden, med unntak av busetnad i Krossdalen.

Norges tredje største isbre, Folgefonna, er lett tilgjengeleg, med asfaltert veg frå fjorden til brekanten på 1200 m.o.h. Som innfallsport til Folgefonna Nasjonalpark, har Jondal status som nasjonalparklandsby. Folgefonna er den viktigaste identitetsmarkøren i vår kommune.

3. Overordna mål

Det overordna målet for Jondal kommune er "**Me skal bli fleire!**" Det skal me klara ved å ta vare på dei som lever og bur her i dag, så me ikkje mister viktig arbeidskraft, gode eldsjeler, bidragsytarar, barnefamiliar og spreke pensjonistar! Me vil at alle skal trivast i kommunen vår! Vidare vil me jobba mot målet ved å fortelja andre at me har det bra i bygda, nabolaget, på skulen, på ski og på jobb – og at me har plass til fleire! Me har eit køfritt, miljøvenleg og oversiktleg samfunn der ingen forsvinn i mengda. Me må ta vare på dei "skjulte skattane" og røtene me gjev dei som veks opp i kommunen, og la dei formidla våre sterke sider vidare som gode ambassadørar.

I vår kommune har me plass til fleire sambygdingar, kollegaer, frivillige eldsjeler, naboar, medelevar, venner, familiar og næringsdrivande!

For å nå det overordna målet om å bli fleire, har me peike ut satsingsområde og me vil ha fokus på:

- God folkehelse som drivkraft for det me vil og det me gjer.
- Barn og unge og eit oppvekstmiljø som skapar tilhørsløse, tryggleik og skaparglede.
- Ei felles kraft for utvikling og samhandling.
- Bu- og besøkslyst.



Menneske er den største ressursen me har både som lokalsamfunn og som arbeidsgjevar. Me treng dei for å syta for gode basistjenester, sikra arbeidskraft i næringslivet og skapa utvikling, trivsel og samhandling!



Folketalsutvikling 1990 – 2014

	1990	1995	2000	2005	2010	2011	2012	2013	2014	2015
Jondal	1266	1209	1151	1078	1036	1041	1050	1046	1094	1100
Kvam	8773	8597	8592	8334	8360	8442	8522	8584	8584	8539
Odda	8289	8077	7727	7378	7047	6985	6946	6988	7006	6952
Ullensvang	3988	3800	3562	3517	3382	3405	3417	3403	3369	3411

Jondal kommune hadde pr. 1.1.2014 eit innbyggjartal på 1094. Utviklinga i folketallet påverkar i stor grad inntektsgrunnlaget til Jondal kommune gjennom skattekrone og statlege rammetilskot.

Folketalsframskriving for 2014-2030 (Fylkesprognoser)

År	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2025	2030	2031
Jondal	1048	1043	1050	1050	1058	1067	1118	1158	1172
Kvam	8626	8689	8752	8830	8904	8976	9450	9984	10087
Odda	6950	6917	6897	6887	6858	6862	6852	6880	6881
Ullensvang	3369	3360	3361	3359	3361	3367	3380	3407	3407



4. Satsingsområde

4.1. Bu – og besøkslyst!

Me skal forvalte natur, areal og ressursar i lokalsamfunnet slik at me på ein god måte balanserer omsyn til naturen si toleevne og innbyggjarane sine behov. Me skal leggja til rette for ei utvikling som stettar behov i dag og samtidig ta i vare livsvilkåra til framtidige generasjonar. Berekraftig lokalsamfunn har og ein sosial, økonomisk og kulturell dimensjon. Innbyggjarane skal oppleve livskvalitet ved at me er ein trygg og god bukommune med høve til å leva aktive liv, nyta av og yta til kulturlivet og oppleve inkludering i sosiale fellesskap.

Som berekraftig lokalsamfunn er me attraktive som bukommune, besøkskommune og nasjonalparklandsby.

ME SKAL BLI FLEIRE
-ved å ta vare på dei
som bur her og kjem
hit...

Bulyst

Som innbyggjar kan eg vera inkluderande, engasjert, deltakande, positiv, romsleg på eigne og andre sine vegne, nettverksbyggjar, inspirerande, lyttande og modig! Dette vart poengtert på temasamling hausten 2014, då spørsmålet var korleis kan eg bidra til utvikling. Attraktivitet som bukommune handlar om at me alle har ansvar for lokalsamfunnet og såleis både ein rett og plikt til å bidra.

Jondal kommune har føresetnader for å vera ein attraktiv bukommune fordi det er trygt og godt å veksa opp, god plass, ledige hus og tomter og me har ingen kø og rushtid. Her er fjord, fonn og fjell og høve til å vera aktiv heile året, t.d. på ski! I Jondal kan du bu, og pendla til arbeid i Kvam, Odda eller Kvinnherad og me hjelper deg som vil skapa din eigen arbeidsplass! Kanskje har du hytte i Jondal, og kan ta arbeidet med deg fordi me har godt internett i kommunen.

ME SKAL BLI FLEIRE
-fordi folk skaper
livskraftige
lokalsamfunn, syter
for godt tenestetilbod,
sikrer arbeidskraft og
eit aktivt kulturliv...



Me er eit lite og oversiktleg samfunn der det er mogleg å ta del i alle deler av samfunnslivet. Me unner andre å oppleva dette saman med oss – og det er mogleg! Her har me nærleik til naturen, kommunen, folkevalde, skulen, barnehagen og butikken.....

MÅL

Jondal kommune skal:

- Vera ein attraktiv bu-kommune.
- Synleggjera særtrekk og kvalitetar som er våre "skjulte skattar".
- Vera ein næringsvenleg kommune og sikra arbeidsplassar.
- Vera tilpassingsdyktig, løysingsorientert og fleksibel.
- Ta vare på kulturhistorie og kulturarv.

*Det er **folk** som skaper trivsel, bu-miljø, barnehagar, skular, handel, møtestader, levande bygder og samhandling...*

STRATEGIAR

Me er ein attraktiv bu-kommune ved å:

- I samarbeid med private stette behovet for tilgjengelege hus og tomter.
- Gje barn og unge gode opplevingar, godt læringsmiljø og sosiale møtestader.



Jondal kommune

Kommuneplan, samfunnsdel 2015 - 2030

- Gje frivillig sektor gode rammevilkår
- Skapa trivsel og glede og inkludera kvarandre.
- Synleggjera gode bu- og arbeidsmiljø og satsa på buattraktivitet.

Me synleggjer våre særtrekk og kvalitetar ved å:

- Bruka informasjonskanalar medvete og strategisk.
- Gjera ungdom og innbyggjarar til gode ambassadørar.
- Satsa strategisk på god kommunikasjon og profilering av kvalitetar.
- Dela kunnskap og erfaring og gjera kvarandre gode.

ME SKAL BLI FLEIRE
-fordi me har bilveg heilt
til kanten av Folgefonna!

Me er ein næringsvenleg kommune ved å:

- Vidareutvikla nettverkskultur og samhandling mellom ulike aktørar
- Tenka utanfor boksen og tiltrekkja oss nye arbeidsplassar
- Ha kort og effektiv saksbehandling i møte med næringslivet
- Leggja til rette for arbeid og næringsliv, og ta i vare pendlarbehov.



Me er tilpassingsdyktige og fleksible ved å:

- Heisa flagget for naboen og våge å satsa sjølv i motvind.
- Integrera kvarandre og sjå kvarandre sine ulike kvalitetar.
- Skapa samhandling mellom kommuneorganisasjon, næringsliv og frivillig sektor.
- Bli endå betre på det me er gode på i dag og utnytte fordelar knytt til identitet.

Me tek vare på kulturhistorie og kulturarv ved å:

- Bruka kompetanse og ressursar i lokalmiljø og bygder.
- Ta vare på kulturminna si tyding i folkehelseperspektiv.
- Sjå dei fysiske omgjevnadene sin identitets- og symbolverdi.

Besøkslyst

I omgrepet besøkslyst ligg forventningar knytt til kommunen som ei stad det er verdt å besøka. Jondal kommune har mange kvalitetar som gjev oss fortrinn som besøkskommune, den største identitetsmarkøren er utan tvil Folgefonna. Dei fleste seier Folgefonna er det første dei tenker på når dei høyrer om Jondal. Å vera ein sterk besøkskommune handlar om å utvikla næringar som krev at kunden/publikum/gjesten er på staden og tek i mot vare eller teneste.



Det betyr at aktivitets- og opplevingsbasert næring, overnatting, servering og handel – i tillegg til annen service- og tenestebasert næring, er noko av det me skal satsa strategisk på. Eldsjeler og næringsliv som satsar i denne retninga, skal møta en JA-kommune og me vil i 2030 ha fleire heilårsbaserte arbeidsplassar som fylgje av å vera ein besøkskommune som har lukkast med samhandling.

Jondal kommune er ein kommune med ein unik tilkomst til Norges tredje største isbre, Folgefonna, og ein landsby som er kjenneteikna som innfallsporten til Folgefonna nasjonalpark. I tillegg er kommunen rik på kultur- og naturopplevingar og me veit at besøkande ser på kommunesamfunnet som ein triveleg stad, med trivelege folk. Det er viktig for Jondal kommune fram mot 2030 å bevare det unike som er vårt fortrinn, og samstundes utvikla og vera proaktive i høve til å leggja til rette for auka besøk og for gode opplevingar både for dei som tek i mot og dei som kjem.

Me legg opp til at kommunen fram mot 2030 blir ein berekraftig besøkskommune som klarar å balansera mellom å ta vare på det unike, nære og fredelege – og ta ut potensiale me har i høve til vekst.

MÅL

Jondal kommune skal:

- Utvikla infrastruktur og arenaer for samhandling.
- Skapa vekst knytt til Folgefonna som vår største identitetsmarkør.
- Verna om balansen som ligg i vekst og utvikling på den eine sida og kulturen, naturen og samfunnet si bereevne på den andre sida.
- Vera eit trafikk-knutepunkt for samferdsle aust-vest.

STRATEGIAR



Me utviklar infrastruktur og arenaer for samhandling ved å:

- Ta vare på og leggja til rette for næringsutvikling og aktivitetar i sentrum.
- Utvikla arenaer for aktivitetar og trivsel.
- Skape gode møteplassar for næringsliv og frivillig sektor.
- Utvikla skulen og skuleområdet som sentrumsnær arena for fleirbruk, særleg knytt til barn og unge og fysisk aktivitet.

Me skaper vekst knytt til Folgefonna ved å:

- Synleggjera og utvikla lokalsamfunnet i høve til statusen Nasjonalparklandsby
- Utvikla tilbod og arenaer basert på tilkomsten til Folgefonna og nasjonalparken.
- Samordna besøksnæringa i høve til Folgefonna sitt potensiale som kraftsenter.
- Sikra vegstandard som toler auka trafikk og offentleg transport dei neste 15 år.

Me er eit trafikk-knutepunkt ved å:

- Sikra god kommunikasjon på vegnettet og over fjorden.
- Jobba for heving av vegstandard mot Odda og Bergen.



- Ivareta eit berekraftig sentrum og ein levande nasjonalparklandsby som har kapasitet til trafikkauke.
- Tilby smarte og tilpassa kollektivløysingar.

Me balanserer vekst og berekraft ved å:

- Vera miljømedvetne og gjera det enkelt å velja miljøvenlege alternativ.
- Utvikla miljø- og trafikkvenlege tiltak knytt til arbeidsplassar, barn og unge og næringsliv.
- Satsa strategisk på gang og sykkelveggar.
- Bli den beste vandraredestinasjonen
- Akseptera privatbil som viktig framkomstmiddel i grisgrendte strøk.
- La kulturminne og kulturlandskap påverka utvikling av næring og lokalsamfunn.

4.2. Gode basistjenester gjev god folkehelse!

Gode opplevingar i dag, er gode minne i morgon! Me skal ta vare på barn og unge som bur her i dag. Det er slik me skaper gode ambassadørar, og ynskje om å flytta tilbake til Jondal med eigen familie. Dette er fundamentet for å skape eit trygt oppvekstmiljø, som gjev trygge, glade, sjølvstendige, kreative og



I organisasjonen vår er det:

- kort veg mellom initiativ og beslutningar!

-kunnskapsdeling og samarbeid på tvers!

-mange "poteter" og mykje erfaring!

sunne barn og unge med stor kunnskap om og stoltheit over historia, kulturen og naturen dei veks opp i. Ein god barndom er grunnlaget for eit godt liv som vaksen og ein trygg alderdom.

I Jondal forsvinn ingen i mengda. Me er eit gjennomsiktig samfunn på godt og vondt. Tenestene skal vera målretta, ha god kvalitet og vera tilpassa vår økonomiske bæreevne. Me skal vera tenesteproducent og tenesteytar i spenningsfeltet mellom behov og ønske, mellom kvalitet og kvantitet, mellom ressursar og kapasitet. I dette komplekse samspelet skal me forvalte, produsere og utvikle tenestene og lokalsamfunnet.

Det er stor variasjon i bygningsmassen Jondal kommune eig. Me har ein forholdsvis ny sjukeheim og barnehage, medan kulturskule og skulebygget inkl. idrettsarenaer som symjehall, i planperioden fram mot 2030, vil ha behov for større og kostnadskrevjande rehabilitering.

MÅL

Jondal kommune skal:

- Vera ein attraktiv arbeidsplass.
- Leggja til rette for fysisk aktivitet og folkehelse (omformulering)
- Vera ein innovativ og lærande organisasjon.
- Yta god service og vera løysingsorienterte.
- Ta ansvar for samfunnstryggleik og beredskapsarbeid.

Kva betyr **L**ojalitet

Ansvar **R**espekt

Samhandling for meg?



STRATEGIAR

Me er ein attraktiv arbeidsplass ved å:

- Ha ein god personalpolitikk som speglar organisasjonen sine verdier.
- Satsa aktivt på fagkompetanse, realkompetanse og samhandling som ressursar.
- Synleggjera våre gode tenester, vera løysingsfokuserte og fleksible.
- Ha klar rolleforståing og arbeidsdeling.
- Ha gode rapporteringsrutinar og styringsverktøy.

Våre verdier er:

Loyalitet

Ansvar

Respekt

Samhandling

Me legg til rette for fysisk aktivitet og god folkehelse ved å:

- Samhandla med næringsliv og frivillig sektor for å gjennomføra prosjekt.
- Rusta opp skulebygg for å møte dagens og framtida sine behov og standardar.
- Sikra arenaer for fysisk aktivitet både inne og ute.
- Skapa gode møteplasser for ulike målgrupper.
- Skapa høve til nettverk og sikra mangfald i lokalsamfunnet (nytt punkt)



Me er ein innovativ og lærande organisasjon ved å:

- Sikra kontinuerleg fokus på ein god organisasjonsstruktur og –kultur.
- Fokusera på det me er gode på, og deling av kunnskap.
- Våga å sjå "det nye" som like positivt som "det me alltid har gjort".
- Ha god balanse når det gjeld alder og kjønn mellom medarbeidarar og leiarar.
- Gje rom for å stilla spørsmål ved og vera konstruktivt kritisk i høve til etablerte førestillingar og praksis.
- Sjå moglege løysingar, ikkje avgrensingar.

Me yter god service og er løysingsorienterte ved å:

- Ha eit godt mottaksapparat og løysa oppgåver raskt og effektivt på lågast mogleg nivå.
- Ha brukarane i fokus og gje fagleg forankra og tilpassa tenester til mottakarane.
- Gje god informasjon og vera ein e-kommune med god heimeside og digitale tenester.
- Ha moderne, funksjonelle og integrerte IKT-verktøy på alle tenesteområde.
- Samarbeida interkommunalt og/eller kjøpe kompetanse på tenesteområde der det er tenleg.



Me tek ansvar for samfunnstryggleik og beredskap ved å:

- Ha ein oppdatert overordna ROS analyse med oversikt over risikofaktorar.
- Ha ein oppdatert beredskapsplan.
- Setja i verk risikoreduserande tiltak og samstundes vera budd på krisesituasjonar.
- Ha eit godt varslings- og avvikssystem for å fange opp svikt i rutinar og prosedyrar.

4.3. Samhandling – kommunen, det er oss!

Me er alle del av eit lokalsamfunn og har ein rett til og eit ansvar for å bidra til utvikling. Jondal kommune ynskjer å spela på lag med lokalsamfunnet og næringslivet og etablera ein samspelelskultur. Uavhengig av kommunestruktur og kommunegrensar, så lever og bur me her! Difor tek samspelet utgangspunkt i at kommunen – det er oss alle!

Jondal kommune har gode tradisjonar for samarbeid. Me har ein allsidig frivillig sektor som gjennom dugnad og engasjement formar kulturlivet i lokalsamfunna. Me har eit næringsliv som er særleg sterkt knytt til besøksnæringsa, landbruk, akvakultur og industri. Gjennom næringsfondet vil me spesielt ha fokus på næringsutvikling knytt til reiseliv, landbruk og IKT.



Frivillig sektor og næringsliv er, i samspel med kommune og offentlege instansar, viktige aktørar for å skapa utvikling og for at me skal nå målet om å bli fleire!

MÅL

Jondal kommune skal:

- Fokusera på positive krefter og samhandling ved å involvere innbyggjarane.
- Etablere gode nettverk på tvers av kommunar, næringsliv og lokalsamfunn.
- Samarbeida med andre kommunar for å løysa utfordringar.
- Profilera kommunen som attraktiv for FOLK med bu- og eller besøkslyst.

STRATEGIAR

Me har fokus på positive krefter og samhandling ved å:

- Bruka ressursane på dei som vil noko.
- Vere modige og ambisiøse på vegne av "Jondal 2030".
- Nyttta heimesida aktivt og strategisk satsa på god kommunikasjon.



Jondal kommune

Kommuneplan, samfunnsdel 2015 - 2030

- Engasjera lokalmiljø for å medverka i plan- og utviklingssaker.

Me etablerer gode nettverk på tvers ved å:

- Vera rause og imøtekommande, aktive og handlekraftige.
- Bruka andre sin kompetanse og dela kunnskap.
- Etablere samspelskultur ved å innarbeida haldningar og strukturar som er støttande.
- Samarbeida med næringsliv og frivillig sektor i konkrete saker og i planlegging.

Me samarbeider med andre kommunar ved å:

- Vera ein aktiv aktør i Hardangerrådet.
- Ta aktiv del i interkommunale og regionale prosessar.
- Styrkja tenestene og sikra kompetanse ved å byggja alliansar.
- Synleggjera sterke sider og kva me kan bidra med, og ikkje berre kva me har behov for.

Me profilerer kommunen ved å:



- Byggja omdøme ved å gjera ord til handling.
- Synleggjera og implementera L-A-R-S-verdiane våre i kvardagen.
- Vera gode ambassadørar og byggja kvarandre gode.
- Vera strategiske og kompetente i dei val me gjer.

5. Arealstrategisk planlegging i ljøs av samfunns- og folketalutvikling.

Fleire mål og strategiar påpeikar behovet for endringar og utvikling i infrastruktur, bygningsmasse eller areal/område i kommunen. Ved å utarbeida strategidokument i høve til vårt overordna mål om å bli fleire, koplpar vi samfunnsdelens retning og mål for utvikling, tenesteyting og arbeidsgjearrolla med arealdelens juridiske og bindande disponering av geografiske område.

Jondal kommune vil og dei næraste åra ha behov for å drøfta og vurdera korleis folketalet faktisk aukar (kven er dei som kjem?), korleis det påverkar oss som samfunn (kvifor blir dei her?) og kva det gjer med omdøme vårt som berekraftig lokalsamfunn og bu- og besøkskommune(Kva betyr det for oss?).

Kommuneplanen byggjer på nokre overordna føringar, utfordringar og trendar. Det vil i planperioden vera behov for å konkretisera og drøfta nærare nokre arealstrategiske dokument.



Arealstrategiske dokument 2015 – 2030:

5.1. Busetnad og utbygging

Jondal kommune skal leggja til rette for fortetting av busetnad kring kommunesenteret. Jondal kommune sine tomter og bu-områder skal vera attraktive, med funksjonell infrastruktur og nærleik til natur og friluftsliv. Omdømebygging og lokalsamfunnsutvikling er strategiar knytt til busetnad.

5.2. Tenesteyting og infrastruktur

Jondal kommune skal ha gode basistjenester og satsa strategisk på barn og unge, folkehelse, samhandling og bu- og besøkslyst. Jondal kommune skal ha infrastruktur eksternt mot regionsentra og Bergen/Oslo. Jondal kommune skal ha god infrastruktur internt i høve til ynskjeleg samfunnsutvikling.

5.3. Trafikk og samferdsle

Jondal kommune er eit trafikk-knutepunkt og skal ha godt ferjesamband, gode pendlarveggar mot Kvam og Odda, god infrastruktur for aust-vest trafikk og trafikklysingar som ivaretek trafikktryggleiken. Jondal kommune skal leggja til rette for elbilar, gode kollektivlysingar og gang- og sykkelveggar. Jondal kommune skal ha eit vegnett internt i kommunen og mot Folgefonna som tek høgde for trafikkauke.

5.4. Næring og frivillig lagsliv

Jondal kommune skal utvikla infrastruktur og arenaer for samhandling med Folgefonna som identitetsmarkør. Jondal kommune skal utvikla skulen som nærmiljøanlegg med fleirbrukskvalitet. Jondal kommune skal bruka statusen som nasjonalparklandsby og landskapspark til å utvikla næring og



skapa aktivitet. Jondal kommune må og satsa på og vidareutvikla eksisterande næring og næringsliv. Landbruket er spesielt viktig for busetnad og aktivitet i alle grendene.

5.5. Senterstruktur og sentrumsutvikling

Jondal har status som kommunesenter. Alle andre bygder og grender har status som nærsenter. I kommunesenteret ligg kommunehus, lege og helsetenester, bibliotek, kyrkja, skule, symjebasseng, barnehage, kulturskule.